



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: 03 FEB 2010
Vår ref.: NVE 200703055-7 kv/jfj
Arkiv: 312 /042.3Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Jakob Fjellanger
22 95 92 13

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Vassvikelva kraftverk i Odda kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS, datert 13.01.2010, om løyve til å byggje Vassvikelva kraftverk i Odda kommune.

Småkraft AS ønskjer å utnytte fallet i Vassvikelva til kraftproduksjon i eit småkraftverk. Brutto fallhøgde er 270 meter mellom hovudinntaket på kote 690 og utløpet på kote 420. Kraftverket skal plasserast ved Vassvikevatnet. Vatnet skal førast i nedgrave røyr på vestsida av elva. Traseen vert omlag 950 meter lang. Eksisterande traktorveg frå hovedvegen og ca 600 m fram til den nedlagde garden Vassvik må oppgraderast. Herifrå må det byggjast omlag 300 meter ny veg fram til kraftstasjonen. Det må også lagast ei bro/kulvert over Vassvikelva og nokre sidebekkar. Langs røyrgata vert det ikkje bygt veg, men det lagast enkle faringsvegar i samband med leggjing av røyr. Desse ryddast og sås til etter avslutta anleggsdrift. Oppover det bratte plantefeltet vil ein faringsveg mest truleg leggjast i slyngar. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 1,2 m³/s, ei installert yting på 2,6 MW og forventa årsproduksjon på omlag 9,1 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lavvassføring, berekna til 34 l/s på sommaren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Vassvikelva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Kari Seim på tlf. 55 12 73 24 eller e-post: kari.seim@smaakraft.no.

NVE ber Odda kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Tenestetorget og i Teknisk avdeling fram til 14.4.2010. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **14.4.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Jakob Fjellanger
overingeniør

3 vedlegg Kunngjeringstekst
 Informasjonsark om vidare saksgang
 Adresseliste

Kopi Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN

Adresseliste for: Bygging av Vassvikelva kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CLA Media Marketing 1 gong i: Hardanger Folkeblad

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4 6863 LEIKANGER
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN
	NJFF — Hordaland, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Odda / Ullensvang turlag, Postboks 66, 5751 ODDA
	Norges padleforbund: Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
	Odda Energi, Røldalsveien 74b, 5750 ODDA
	Interne
1	KM/IAS
1	KD/OMIN
1	ER/SHS